



## NORDDAL KOMMUNE

Forvaltning drift og vedlikehald

### **Retningslinjer for kommunal brøyting av private vegar i Norddal kommune.**

Endra: 25.09.12

1. Private vegar kan etter skriftleg søknad brøytast av Norddal kommune. Vilkåret er at kvart hus som soknar til vegen betalar inn til Norddal kommunekasse på førehand ein sum som vert fastsett av kommunestyret for kvar brøytesesong. Før søknad om kommunal brøyting vert innvilga skal vegen vere godkjend av Fdv og brøytaren som skal utføre tenesta. Tenesta inneber maskinell snørydding.
2. Vegen må vere i slik stand at brøyting er forsvarleg (tilfredstillande grusa, grøfta, fri for faste steinar, ha normale stigningstilhøve, oppsette brøytestikker og tilfredstillande snuplass). Ansvar for dette punktet ligg på grunneigarane.
3. Norddal kommune tek ikkje på seg noko ansvar for skade på veg, gjerde, hekk o. l. som fylgje av brøytinga. Oppsitjarane som inngår avtale om kommunal brøyting står økonomisk/solidarisk ansvarleg for skader på veg o.l. som følgje av vanleg snøbrøyting. Ved underskrift av brøyteavtalen med kommunen, forpliktar oppsitjarane seg til slikt ansvar overfor eigar av veg, gjerde hekk o.l. Brøyting av private vegar vil verte utført innan 12 timar ved snøfall. Tenesta vil følgje kontraksvilkår og instruks brøytarane har inngått med kommunen.
4. Fdv har fullmakt på vegne av kommunen å gi tilsagn om kommunal brøyting. Søknader som fell utanfor/avvik frå reglane vert handsama av formannskapet etter driftsutvalet har uttalt seg. Formannskapet er ankeinstans for avgjerder tekne i driftsutval.
5. Kwart veganlegg skal ha ein tillitsvald som er kontaktperson mellom oppsitjarane og kommunen.
6. Brøytesatsane vert fastsette kvart år av kommunestyret. Tilsagn om kommunal brøyting vert automatisk fornya framfor ny brøytesesong.
7. Betalingskravet skal sendast samla ut til den som er tillitsvald eller som står fyrst på lista for den enkelte veg.